

Smaken av Nordhordland

Forprosjekt for utvikling av lokalmatklynge i Nordhordland

Korleis smakar Nordhordland? Er det spekepølser og pinnesider frå villsau som beiter i sjøkanten? Er det makrell frå fjordane? Er det biffen av vestlandske fjordferasar? Smaken av Nordhordland er alt dette - og meire til! Vi har verdifulle, smakfulle og bærekraftige tradisjonar å ta vare på - og tradisjonsrike næringar med god framtid i ein krevjande marknad.

Smaken av Nordhordland er eit forprosjekt der vi ønskjer å samle alle som vil satse på lokalmat som næringsverksemd. Vi vil skape ei klynge av lokalmatprodusentar som saman kan marknadsføre seg og skape ein større marknad og identitet kring mat frå Nordhordland.



Våren 2014 skal vi ha to samlingar for å kartlegge interessa for ei lokalmarksatsing i Nordhordland, ei i april og ei i mai.

Første møte vert onsdag 9. April kl. 19.00 – 21.00 i Nordgardsløa på Frekhaug i Meland

Driv du med foredling og/ eller produksjon av lokalmat i regionen, eller har planar om å starta opp, så meld deg på til Vigleik M. Ypsøy innan måndag 7. april.

Tlf. 95 06 11 91 eller epost: ypsoy@kystgard.no

Gunnar Nagel-Dahl, Matattache hjå Fylkesmannen i Hordaland vil informera om lokalmat i Hordaland og potensialet for dei som ønskjer å ha lokalmat som næring.

På møtet vert det informasjon om prosjektet og kva det kan bidra med for å styrke deg som lokalmatprodusent. Vi får smaksprøvar av lokale produkt og ein lokalmatprodusent vil fortelje om næringa.

Prosjekteigar er Team Nordhordland, Nordhordland Utviklingsselskap IKS
Prosjektleder er Vigleik Ypsøy, tlf: 95061191

REGION
NORDHORDLAND